DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Særutskrift

# Protokoll frå fellesrådsmøte 4. desember 2018.

Desse møtte: Trygve Ebbesvik (leiar), Torbjørn Støylen (nestleiar), Anne Karin Watters (kommunal repr.), Svein Runde (geistleg repr.), Irene Hørte Høibakk, May Lisbeth Hovlid Aurdal og Arild Sporsheim (kyrkjeverje).

Forfall:

---

**F-sak 22/18 Høyringsuttale – kyrkjeordning for Den norske kyrkja**
Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.
Spørsmålstillinga i høyringa er om Sykkylven kyrkjelege fellesråd har innspel til kyrkjerådets framlegg til kyrkjeordning som skal gjelde når ny trudomssamfunnslov tek til å gjelde.

Vedtak:
**Kyrkjeleg demokrati**
For å unngå ei mogleg svekking av det kyrkjelege demokratiet foreslår Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) endra ordlyd i §§ 5 og 6.

SKF ønsker denne utforminga/**tillegget** i § 5:
*«Oppdraget til Den norske kyrkja blir ivareteke i et tenestefelleskap av frivillige,* ***demokratisk velde kyrkjelege styringsorgan,*** *tilsette og vigsla personar. Den norske kyrkja vigslar til teneste som diakon, kantor, kateket, prest og til teneste som biskop.»*

SKF ønsker denne utforminga i § 6, siste ledd:
*«Styring og ledelse av Den norske kirke bygger på demokratiske prinsipper og skal på alle nivåer være forankret i demokratisk valgte styringsorganer. Valgte styringsorganer med personal- og forvaltningsansvar skal ha en daglig leder som står ansvarlig overfor disse.*

*Hvert sokn skal være sikret en ordnet tjeneste med Ord og sakrament (prestetjeneste) og står under tilsyn av biskopen i det bispedømmet soknet hører til. Prestetjenesten er representert i de valgte styringsorganer etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet.*

*Alle kirkelige møter og råd skal utføre arbeidet sitt i lojalitet mot Den norske kirke sitt læregrunnlag.»*

**Verksemda i soknet**
Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) ser det som ein føresetnad i § 15 andre ledd at også fellesrådsoppgåver blir tillagt eit eventuelt felles sokneråd i ein kommune. Dette for å sikre at det ikkje opnast opp for parallelle råd til kyrkjeleg fellesråd i same kommune.

**Postadresse:** Kyrkjevegen 24, 6230 Sykkylven
**Besøksadresse:** Kyrkjekontoret, Kyrkjevegen 24, 6230 Sykkylven
Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315

# DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

SKF er samd med KA´s (Arbeidsgiverorganisasjonen for kirkelige virksomheter) uttale:
*«Vi mener at det vil være vesentlig å sikre at også et fellesorgan for soknet (fellesråd) som er tillagt arbeidsgiveransvar, har slik myndighet. Vi vurderer at det er samme usikkerhet beheftet med dette som med fellesrådets generelle rettslige status dersom dette ansvarsområdet ikke lovfestes. Muligheten for å finne en tilfredsstillende løsning på dette spørsmålet henger dermed nært sammen med den endelige avklaring på spørsmålet om fortsatt lovregulering av kirkelig fellesråd.»*

SKF ønsker også ei utviding av § 17 ved også å innbefatte § 39 i politiregisterloven om barneomsorgsattest. Dette for å anledning til suspensasjon under etterforskning og fjerning frå verv dersom eit soknerådsmedlem eksempelvis begår eit seksuelt overgrep som frivillig leiar på ein konfirmantleir.

**Krav om medlemskap**
Til § 47 første del i andre ledd foreslår Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) ein endra ordlyd for særleg å sikre sakleg krav om medlemsskap ved tilsetting i leiarstillingar m.f.:
*«Ved tilsetting i kirkelige stillinger som er av betydning for å virkeliggjøre Den norske kirkes formål, skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i likestillings- og diskrimineringsloven § 30. Det skal oppgis i utlysningen av stillingen at medlemskap kreves.»*

*Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.*

Sykkylven, 05.12.2017



Ref. Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

**Postadresse:**
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

**Besøksadresse:**
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykkylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315